

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: V.Slidre.

Emne: Lynging og Mosing

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubrætvn. 25

G.nr. Br.nr.

Bekkelagsnøgda

66 og 67-2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynslé.

Eigen røynslé

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lyngine. Lyng til før varsvert lite brukt. Den einaste lyngen som eg veit um har vore brukt er røslyng, Calluna vulgaris. I Valdres vart den kalla brøsslyng. Der det passa slik vart den slegen meijla saman med finntøp-men den kunne også bli slegen for seg sjølv. Den vart brukt baade til naustkrøter og smaa krøter - for det meste gjeve ute i garden naar krøtere var ute. Men var også gjeven i syrp. Dette fortalte mor og det er alt eg veit um lyng som før.
- II. Mosing. For 60-70 aar sidan var det vanleg aa ta reinsmose til kyrne. Som smaagut for over 40 aar sidan var eg også med sovidt aa tok mosen.
3. Mosen maatte vera lite fuktig naar den skulde takast.
4. Før maatte ein gjerne langt avstad etter mosen. Daa var det karane som maatte avgårde. Men naar det ikkje var så lang veg so var det kvinnfolk og ungar som tok mosen. Det var ikring setrene mosen vaks.
5. For det meste vart mosen taker meij hendene.
6. Mosen vart lagt i smaa haugar og sidan kjørt eller boren saman i større haugar.
7. Under mosehaugen la ein kjeringris. Og opp paa haugen vart lagt brisk, lyng eller kjeringris med stein over for vinden. Møsin vart kjørt heim paa fyrste snudotten. Og det var ei lang dagsreise paa fienane burt under Grønnsenkja.

2. Mosen vart kjørt til bygden paa slede med hekker (grinder) Litteratur 2.
paa; for elles var det ikkje godt aa faa den med seg.

10. Mosen kunne ligge kvar det var heime, men helst kom den under tak.

11. Det var helst kyrne som fekk mosen i syrpaska med saltvatn paa. Eller blanda med rakalauv og nestemøk.

12. Reinmosen var rekna for eit bra for. Like bra som høy.
Kyrne mjølka bra av mosen, men mjølke vart tunn.

I harde vaarar vart vanleg husmose og so sanka i skogen som naudfør. Men krøtere vilde vist nauleg ha den utan mjøl paa.

Annan mose.

1. Matmose eller islandsk lav vart sanka til grisefork.
Den var bra, og det var vanleg aa koke graut av den.